

Frå Samningen 10. juni 2021:

BKK-tilsette kjempar for arbeidsplassane

Leiinga i BKK vil leggja ned bygg- og anleggsavdelingane på Dale og Matre. Fem samningar er mellom dei som står i fare for å missa arbeidet.

HALLVARD TYSSE
Tekst og foto

– Det er klart me fryktar konsekvensane dersom BKK ikkje lenger skal ha egne tilsette til å byggja og vedlikehalda turveilar og kraftverk. Vert me flytta til ein ekstern entreprenør, kan me risikera å måtta jobba over heile landet, seier Vidar Trengereid, som har vore anleggsarbeidar i 40 år.

Han er ein av dei fem samningane som er tilsette hos BKK på Dale, og som no er svært spente på kva arbeidsgjevaren bestemmer seg for.

Samfunnsansvaret

– Eg meiner at BKK må visa samfunnsansvar, og ikkje berre tenkja profitt. Det kjem folk etter oss også som skal ha noko å leva av. Verdiskapinga skjer på kraftutlegga ute i distrikta, i kommunar som har gjeve frå seg naturressursane sine. Og så vil selskapet fjerna det som er att av arbeidsplassar i eigar- og vertskommunar. Det er ikkje slik det bør vera, argumenterer Vidar Trengereid.

Alle dei fem kraftverka i Samnanger kan fjernstyrast. I BKK-bygget på Froland er det difor no berre ein tilsett att. Vert bygg- og anleggsavdelinga på Dale lagt ned, kan fleire til slutt stå utan arbeid.

BKK er ei pengemaskin som i eit normalår leverer overskot på



MÅ TA ANSVAR: – BKK hentar rikdomen og verdiane i distrikta. Då er det berre rett og rimeleg at noko får vera att – og at ikkje alle arbeidsplassar vert lagde ned, meiner Vidar Trengereid. Han er ein av fem samningar som vert ramma dersom BKK avviklar bygg- og anleggsavdelingane sine.

rundt 1,5 milliardar kroner.

– Å halda oppe arbeidsplassar i distrikta bør difor ikkje vera noko problem. Alternativet er at selskapet må kjøpa tenestene hos andre. Dei er ikkje åleine om å tenkja slik. Det er difor bemaningsbyråa spreitt opp som paddehattar, seier den engasjerte samningan.

– Skal me snu dette, må

politikarane slå i bordet. Samnanger har ikkje lenger eigarinteresser i BKK, men er ein stor vertskommune, så dei har god grunn til å engasjera seg, meiner Vidar Trengereid.

God arbeidsplass

Han fortel at bygg- og anleggsavdelinga så seint som i 2015 bygde kraftverk frå A til Å.

– Me har vore BKK sin eigen entreprenør, og det har vist seg at me er konkurransedyktige på pris både på interne og eksterne oppdrag. At dei no heller vil kjøpa arbeidskrafta utanfrå, har me problem med å forstå.

– BKK har alltid vore ein trygg og god arbeidsplass. Me trivst der, og ønskjer å venta verande. Dei seier at ingen skal

mista arbeidet gjennom det som no skjer. Men når me er ute av selskapet, har me vel ingen garantiar for det, reflekterer Vidar Trengereid.

– Kan de få arbeid i andre avdelingar i selskapet?

– Eg veit ikkje om nokon andre som vil ha vår kompetanse, svarar han.